



Dette er dei to UV-filtra i vassverket på Eik som ikkje verkar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Frå i kveld rundt klokka 21 må ein koka drikkevandet, melder vassverket i Uskedalen ved styreleiar Hans Reidar Kjerland.

Det har i dag oppstått ein feil med dei såkalla UV-filtra slik at dei ikkje verkar og reinsar vatnet.

Sjølv om elektrikarar har arbeidd i heile dag har det ikkje lukkast å finna feilen og no er reservoaret av reinsa vatn snart tomt.

Det er ikkje no - klokka 19.30 - mogeleg å seia når feilen kan vera retta.